



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## ■ møtereferat

Møte i fylkesberedskapsrådet

Til stades: Sjå deltakarlista

Fråvær:

Stad og tid: **Glomset, 9.9.2014**

### Saker:

#### **Preludium**

Fylkesmann Lodve Solholm ønska alle velkommen til møtet.

#### **Fylkesberedskapsråd og dåd v/Ketil Matvik Foldal**

Ketil gikk gjennom:

- instruksen for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til fylkesmennene.
- Retningslinjer for regionalt samordningsansvar ved kriser i fred
- Fylkesmannen sitt samordningsansvar
- Kven er fylkesberedskapsrådet og kva har vi gjort siste åra. Har testa kontaktinformasjonen den 10.2.2014 – bra respons.
- Atomberedskapsutvalet – hatt øving i 2013 «Øvelse Selvinnlysende». Fungerte veldig bra, ønskjer å gå vidare med dette utvalet. Kurs og arbeidsverkstader i 2015.
- Har etablert eit sikkerheitsutval: politi, PST, HV – eit underbruk av FBR.

#### **Terrortrusselen i sommar – orientering og refleksjon v/Ove Brudevoll, Nordmøre og Romsdal politidistrikt**

Uspesifisert trussel for heile landet. Dei sette stab. Det var ein test på ferieberedskapen i politiet, fungerte bra. Reiser masse dilemma.

#### **Grensesetting – om kommunereforma, politireforma mm.**

-Ass fylkesmann Rigmor Brøste informere om kommunereforma. Målsettinga er å køyre ein god prosess. Fylkesmannen si oppgåve blir å vurdere heilheita i regionen.

-Konst. politimester Ingar Bøen informerte om politireforma. POD tilrår inntil 10 politidistrikt. Noko usemje kva som bør skje i Møre og Romsdal.

-Knut Støbakk, ordførar i Giske kommune, Rune Hovde, ordførar i Ørsta kommune og Jan Ove Tryggestad, ordførar i Stranda kommune snakka om beredskapen i kommunane og reflekterte om korleis kommunane blir påverka av reformene.

#### **Fjellskred- og flodbølgjebereidskap v/Ketil Matvik Foldal og Kjell Jogerud**

Ketil orienterte om pågåande revisjon av beredskapsplanverket for fjellskred og flodbølgjer. Sjå lysark. Kjell informerte om statleg overtaking av Åknes/Tafjord Beredskap IKS. Etter planen skal ÅTB vi verksemd takast over av NVE frå 01.01.2015.

#### **Alt kan gå gale – delvis open post**

Det blei kort orientert om status for innfasing av naudnettet v/Hans Olav Ose, Helse M&R og om kraftforsyningssituasjonen i fylket v/Gerhard Eidså, Istad Nett.

#### **Postludium**

Lodve Solholm oppsummerte og takka for frammøtet.